



Felles Landbrukskontor ÅLA

Administrativt vedtak

Saksansvarleg: Knut Fredrik Øi

Arkivsaknr.:
18/51-32

Arkiv
K2 - K40

Sakshandsamar
Knut Fredrik Øi,

Dato
25.06.2018

Tildeling av fellingsløyve for hjort, elg og rådyr - Lærdal 2018

Kort samandrag:

Ny bestandsplan for hjort i perioden 2018-2019 vart vedteke våren 2017. Denne ligg til grunn for løyvetidelinga for hjort. Grunna CWD-problematikken og ein opplevd vekst i førekomst av elg i kommune, vert tildelinga av elgløyve i kommunen dobla i 2018.

Vedtak:

Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* tildelar Lærdal kommune følgjande fellingsløyve i 2018:

- 1 fellingsløyve på rådyr
- 60 fellingsløyve på elg
- 1433 fellingsløyve på hjort

Saka er vurdert etter naturmangfoldlova.

Vedlegg:

Rådyrvald Lærdal innfylt 2018

Elgvald Lærdal innfylt 2018

1-Hjorteløyve Lærdal 2018 - vald med bestandsplan

1-Hjorteløyve Lærdal 2018 - vald utan bestandsplan

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Naturmangfoldlova

Saksutgreiing/vurdering

Saksutgreiinga ligg i hovudsak føre i vedtak om ny bestandsplan for hjort i Lærdal kommune, sak 18/51-17, vedteke i Formannskapet 07.06.2018. I denne saka er § 7 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* nytta for minstearealet for hjort. Forskriftsfesta minsteareal er avvike med 50% og er då i planperioden 2018-2019 250 daa.

Når det gjeld elg og rådyr er ikkje desse artane omhandla i nevnte sak. For rådyret sin del er bestanden i Lærdal såpass liten at rådmannen ikkje ser det som relevant å gjera endringar i forvaltninga av denne. Det er i praksis ikkje jakt på rådyr i Lærdal. Når det gjeld elg er det dei same føringane frå sentralt hald om bestandsreduksjon som for hjort som gjeld. Normal

felling av elg er i Lærdal kommune om lag 5 elg årleg. I 2017 vart det fellingsrekord med 9 elg. Det er for spinkelt grunnlag i sett-elg-dataene til å seia noko om bestandsutviklinga for elg. Attendemeldingane frå valda er likevel at elgbestanden har vore i vekst. Dette er også oppfatninga i Aurland, som i stor grad deler førekomsten av elg med Lærdal. Sakshandsamar sendte i våres ut ein førespurnad til elgvalda i kommunen om kva dei meinte om elgstamma og tal fellingsløyve. Det var semje om at det har vore ein vekst og at det er rom for auka løyvetildeling. Naturmangfoldlova § 9 omhandlar føre-var-prinsippet. I samband med skrantesjukeproblematikken vil det vera fornuftig å heller beskatta elgstamma litt meir, enn litt for lite. Kunnskapsgrunnlaget ein har om elgstamma tydar også på at det har vore ein vekst, så rådmannen vurderer det som fornuftig å redusera minstearealet for tildeling av fellingsløyve for elg med 50%. Ein såpass stor auke vil truleg ikkje føra til ei dobling av fellingane, av de det truleg er mange andre faktorar som også verker inn på fellingane.

Rådmannen tilrår tildeling av hjorteløyve etter vedteken bestandsplan. Rådmannen tilrår at Lærdal kommune nyttar § 7 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og avvik minstearealet for elgjakt i heile kommunen med 50% for 2018. Rådmannen tilrår 1 fellingsløyve for rådyr i kommunen.